



Vingulmork, 21. april 2023

Språkrådet  
Postboks 1573 Vika  
0118 Oslo

## Fråsegn til framlegg um normering

Norskt Måldyrkingslag hev merknader åt framlegg til normering av ymse ord som Språkrådet no hev sendt ut på høyring. Fremst vil me leggja imot framlegget å taka inn notid *sjåast*, som ikkje hev det grunnlag det læst hava. Det greider me nøgnare ut um nedanfyre.

### 1. Ord med ymist kyn

Språkrådet gjerer framlegg um at ordi *nebb*, *nipp*, *raut* og *rykk* skal halda på valfritt hannkyn elder korgjekyn. Det er vitugt.

I eit framlegg i mars 2022 syntest Språkrådet setja fyre at bruket av *kremt* i hannkyn var kvervande – «tendensen over tid», det heiter – og vilde taka det or normi for den sak skuld. Måldyrkingslaget lagde imot at slik eindimensjonal ekstrapolering skulde liggja til grunn for normeringi. Det er gilt å gå at Språkrådet hev gjenge burt frå slik gjerd.

### 2. «Me sjåast»

Framlegget frå Språkrådet nemner ikkje ordlaget «me sjåast», men det er skillegt at det er utbreidingi av detta ordlaget i nyrre tid som ligg attum. Detta ordlaget hev vunne fram på kostnad av «me talast», «ser deg sidan» osb., og hev ikkje vore innarbeidt i målet. Dermed hev det lettare kunna koma upp ei form med avvikande bøygning, i strid med den fylgjerette bøygningi *me sest*. Spørsmålet er um denne avvikande formi hev eit godt grunnlag.

Me skal fyrst ganga gjennom grunnlaget for formi, og heilt sist på halda det upp mot normeringsprinsippi Språkrådet hev sett upp.

**Sjåast ålment.** *Sjåast* er ikkje eit mykje nøytt ord utanum i passivskipnaden *kann*, *lyt* osb. + nemneform *sjåast*, men det finst ei nokre tydingar der det ter seg eit sjølvstødt *mediopassivt* segnord som vert bøygt i alle tider:

- (1) Resiprok: *å sjåast – dei sest – dei sågst – dei hev sést*
- (2) Passiv el. inkoativ: *å sjåast – det sest – det sågst – det hev sést*
- (3) Refleksiv: *å sjåast um, fyre – ho sest um – ho sågst um – ho hev sést um*

(1) tyder i grunn 'sjå einannan' og er det me finn i «me sest», (2) tyder i grunn 'vera å sjå', og (3) tyder anten 'sjå seg' elder i grunn berre 'sjå' med uturvande refleksiv attåttyding. Korpuset åt Norsk Ordbok gjev berre fjore tilslag på «sågst»: tri i tydingi (1) og eitt i tydingi

(2) – frå Hallingdølen 2003. I lestren hjå Nasjonalbiblioteket er det derimot tydingi (2) som råder, og tydingi (3) er au finnande der.

Skal «sjåast» vera ålment i notid, er spursmålet um det høver i hine tydingane. Kann ein segja: «Bjørnen \**sjåast* ikkje ofta i dag» og «Ho \**sjåast* um mor si»? Elder lyt det heita: «Bjørnen *sest* ikkje ofta i dag» og «Ho *sest* um mor si»? Det finst ikkje dømme på dei fyrste, og «sjåast» stetter difor ikkje kravet til eit fullfløygt notidarskap; formi hev fylgst åt med ordlaget «me sjåast», og berre der.

**Mangtal.** Fyrste dømet på «me sjåast» i blodom er – skal me tru vevsalen åt Nasjonalbiblioteket – i Hallingdølen 25. september 1962: ... *så sjåast me i dyrsku'n, og velkomen er du*. Det er snaudt tilfellelegt: I halling og sume andre målføre vert segnordi bøygde i mangtal, og *sjåast* elder *sjåst* er rett mangtalskap i notid. Soso bydst eit spurtak (ei gåta) or Valdres:

Tvo brør unde ein ufs; dei inkji høyrast o inkji sjåast. (Svaret er: augo.)

Det synest ikkje vera tanken åt Språkrådet å føra upp mangtalsformer i rettskrivningi, so slike former er ikkje sætande, same kor gilde dei måtte vera.

**Bokmål.** Eit søk med Google på vevgarden Facebook syner at ordlaget «me sjåast» er tidgjengt i elles rein bokmålstekst der. Det er då å likna med ordlaget «skal me sjå» og anna slikt som sume bokmålstalarar likar å krydda målet sitt med – ikkje eit vondt ord um det!

Eit opphav åt skapet «me sjåast» kann då radt finnast i bokmål, anten på leisten tulle-nynorsk, elder i ein ærleg freistnad ut frå bygnaden i bokmål:

	bokmål	nynorsk
nemneform	<i>se-es</i>	<i>sjå-ast</i>
notid	<i>se-es</i>	?

Stundom gjeng slik jamling andre vegen. Nynorsk pressekontor kunde året 2010 melda at «om lag 140 mataktørar kunne *sest* og smakast på.» Um det då ikkje var hyperkorrektur.

Men *sjåast* er ikkje einaste segnordet som vert handsama soleides. Eit søk etter «finnast» i notid i korpuset åt Norsk Ordbok gjev mange tilslag; me talde upp tjuge dømme frå Dag og Tid, Firda, Hallingdølen, Nationen, Nynorsk pressekontor, Sogn Avis og Vest-Telemark Blad i bolken 2000–08 til me sagde oss nøgde, og det er mange gonger talet på tilslag av nt. «sjåast» i same korpuset – i reine tal.

Uviljande etteraping av bygnaden i bokmål er dermed ei vanleg ovring, so det gjeld um å skilja kvifor slik etteraping er etter måten tidgjengare i «me sjåast» for *me sest*. Grunnen er venteleg at sjølve ordlaget er henta or bokmål.

Å døma etter eit innlegg som stod på prent i mange blad i fyrstunne av april 1970, var det NRK som stod gudmor for «vi/me sjåast»:

«Vi sjåast» – stod å lesa på skjermen laurdag då NRK Fjernsynet sende ein ny episode av «Krutrøyk». Det skulle liksom vera nynorsk både dette og andre språklege venskapningar [...] «Vi sjåast» er ei hånleg omsetjing av «vi sees» på Oslo-sjargong. [...] Tekstinga av «Krutrøyk» er fleip mot det eine jamstelte riksmålet til føremon for det andre. Det kan ikkje vera noko anna.

Teksting på NRK heldt au Fretland, Rommetveit, Sudmann og Vikør fram i *På godt norsk* (1980) til døme på «uheldig» umsetjingslån: «Vi sjåast i morgon» meinte dei laut heita «Vi møtest i morgon» e.dl., og at segnordet kor som er heitte *sest* i notid.

Det var fyrst etter denne vidsveimde kringkastingi av det nye ordlaget gjennom 1970-åri at det breidde seg noko vidare og med tidi tedde att i skrift, og då serskilt i denne avvikande formi som NRK tedde fram. Det er nøydt um å ha vore denne iduge framsyningi som volde at den avvikande formi vart so vanleg.

**Statistikk og røynd.** Språkrådet legg fram tal frå Marit Julien som skal syna at nt. *sjåast* vert nøytt av 90 prosent i bladom og 60 prosent i bokheimen. Det er ikkje heilt rett. Søket Julien hev gjort, gjeld berre ordlaget «me/vi sest/sjåast». Me hev ikkje sét eitt døme på at nt. *sjåast* er nøytt på onnor vis – so nær som i mangtal – og lyt då tru at nøytsla elles er null prosent.

Gjeng me inn i tilfanget som ligg til grunn, varast me at tali lyt kvalifiserast munleg. Søkjer me på «vi sjåast» hjå Nasjonalbiblioteket, er rundt rekna 60 av bøkene lærebøker i ymse mål frå dei store skulingsforlagi; alle desse bøkene er umsette etter bokmålsutgåva, slik gjerdi er der i garden. Då er det verdt å hugsa på at lærebokgranskingi fall burt året 2000. Då vart det etter måten fritt fram for dålege umsetjingar frå bokmål, og dermed for «vi sjåast». Desse lærebøkene fyller vel so ein tridjung av tilslagi. Det er dessutan mange andre umsette bøker. Sume bøkene nemner «vi sjåast» til døme på rangt målbruk.

I bladom er *meta*-innslaget markande. 8 av dei 10 fyrste tilslagi me fær, er åtfinning av ordlaget «vi sjåast»! Med det atterhald at Nasjonalbiblioteket veit å gjeva lesarane det dei vil hava, er det god grunn til å granska detta tilfanget nøgnare en det som er gjort.

Språkrådet legg dessutan fram rit som syner bruket yver tid. Desse riti lyt jankast mykje etter det som er sagt um det underliggjande tilfanget ovanfyre, men grove gangen i både riti er eins og speglar då venteleg røyndi: Me ser «me sjåast» auka bratt frå kringum året 2000 – året då lærebokgranskingi fall burt – men etter ei nokre år minkar talet til helvti av topptalet. Auken i «me sest» kjem ikring fem år seinare, men stoggar ikkje, og er visst større i bokheimen.

Desse tali tarv tolking. Når auken i «me sest» kjem ikring fem år seinare, speglar det ei motkraft mot den avvikande formi «me sjåast»; dei ovmange innleggi mot ordlaget styd den tolkingi. Det høver at motkrafti er sterkast i bokheimen au, der fleire augo plar sjå igjennom teksten fyrr en han kjem på prent – ja, so nær som i lærebøkene åt ungdomen, då!

Held me detta i hop med det me fann ut um opphavet åt «me sjåast», ter soga seg sovordi: Ordlaget «me sjåast» vart fremda av NRK sidan 1970. Då dei yngste sjåarane kom til skils år og alder, fekk bruket av ordlaget ei blømingstid, godt hjelpt av endå meir gålaus umsetjing frå bokmål. Men dette bruket brautst ved det nynorske normsamfundet. Formi «me sest» er no i siget, av di folk jankar det framande ordlaget inn i ei skapleg form.

Utgangen på detta er uviss. Nynorskt bruksmål er stødt under pågang frå det dominerande bruksmålet, og «me sjåast» kjem til å finnast på lina med «det drikkast», «det behøvast» og andre slike innslag som er gjorde på bokmålsleist. I tilfellet «me sjåast» fær me eit sjeldspurt innsyn i korleis det nynorske normsamfundet møter slike innslag: Med di «me sjåast» fekk so sterk tilskunding frå normaktøren NRK, var det den formi som fyrst vart vanleg. Men den bråde auken gjekk yver i nedgang, tvert imot tilviket mot jamt meir bokmålsinnsig. Lærdomen er at denne og andre målblomar frå bokmål ikkje er utkoma av

ein «naturleg vokster» i nynorsk. Tjodvegen i nynorsk målvokster er helst lika endefram som i andre skriftmålssamfund: konsolidering um normi – dersom ho er skiljande.

**Ymse målføre.** Framlegget frå Språkrådet læt um at «[f]orma *sjåast* i presens har solid talemålsgrunnlag, til dømes er ho ført opp i dokumentasjonsordboka *Norsk Ordbok* med merknaden ‘vanleg.’» Det ligg derimot ikkje fyre nokon dokumentasjon i Norsk Ordbok på detta, korkje i Setelarkivet elder anna; det er all grunn til å tru at den merknaden vart innlagd helder nyleg og berre byggjer på tokken frå ordlaget «me sjåast».

Det finst talemål der dei bøygjer segnord på *-st* på onnor vis; t.d. vil ein i sum trøndsk leggja *-(e)st* beint på den tilsvarande formi utan *-st*: *sjer-(e)st*. I vikversk og tilliggjande egdemål finst dei som vil leggja *-es(t)* på nemneformroti: *se-es(t)*. I seinare tid er dilike former høyrande i andre målvald med, men då i idiolektiske yvergangar mot bokmål og bokmålsnært talemål, og difor vandt å kalla «solid». Det heng snarare i hop med innsiget av passiv segjemåte frå bokmål so som «det \*drikkast mykje kaffi.»

Det finst dermed ikkje noko vidare talemålsgrunnlag utanum i mangtal og utbreidingi av «me sjåast» som er nemnd elles.

**Normering.** Me hev ovanfyre vist til at nt. \**sjåast* berre hev sætande utbreiding i ordlaget «me sjåast», som fekk barnsenhjelpe av ei rang umsetjing i NRK året 1970. Kann henda denne formi fekk gjavyrde av ein halling elder valdris elder einkvan som gjekk god for henne – for på målføret deira er det rett med mangtal her – men samsvaret med bygnaden i bokmål hev vore avgjerande for at ho kunde kannast og haldast uppe.

Det er då inkje grunnlag for at eit notidarskap \**sjåast* skal takast inn i normi. Formelt kann ein taka inn ordlaget «me sjåast» og segja det er mangtal, på lina med ordlaget «takk vere», der ein hev vonarlagsskapet *vere* for di um ein ikkje held seg med vonarlag elles. Men av di ordlaget ikkje er gamalt, vert det noko langsøkt.

Ser me burt frå detta grunnleggjande lytet ved formi, bryt ho med normeringsprinsippi åt Språkrådet dessmeir:

- | Stabilitet. Nt. \**sjåast* fører inn eit heilt nytt bøygningsmynster og fjernar dermed ingen inkonsekvens, men fører inn ny; det gjerer ikkje normi lettare helder. Språkbuket er ymsande, men jf. neste punkt. Det ligg då ikkje fyre nokon god grunn til å røyva stødleiken i normi.
- | Bruk. Retningslinone frå Språkrådet tel fyre at «[n]ormeringsgrunnlaget er i første rekkje tekstar som har vore gjennom ein redigeringsprosess.» Som nemnt ovanfyre er nt. \**sjåast* gjenge munleg til atters i bokheimen. Der formi finst, er det helst umsette bøker, jf. det retningslinone segjer um at «[s]kriftleg praksis i nynorsk står under press frå bokmål, og det må ein ta høgde for ved analyse av bruksdata for nynorsk.»

Dermed er det ingenting i dei fremste normeringsprinsippi som klårt tel til å taka nt. \**sjåast* inn i normi. I alle høve er det skillegt at ingen er tent med vedtak i denne saki utan betre utgreiding en den som ligg fyre i framlegget.

For Norskt Måldyrkingslag

Thorgeir Holm, styresmann